

Referat frå styremøte i Valldal idrettslag

Tid: Torsdag 21. juni 2018 kl 20.00

Stad: Klubbhuset

Desse møtte: Anders Rem, Trond Håvoll, Silje Sandøy Grønning, Einar Hoel, Odd Lennart Vikene, Jan Ole Fuglem, Torkjell Døving, Magne Eivind Glomnes

Forfall: Liv Marit Indreeide, Richard Moen, Andreas Håvoll,

22/18 Informasjon

- Fotballgruppa
 - o 1. premie i Seljecup G13
 - o Samarbeidslag i J16 7ar, vinnar av si avdeling. Deltek på Norway Cup
 - o Spelarar frå klubben reiser til Norway Cup og deltek for naboklubbar, G14 Ørskog og G16 Stranda
 - o Mange lag deltok på Stordalscup
 - o Tine fotballskule i august nesten fullteikna, manglar litt instruktørar
- Skigruppa
 - o Utanfor sesong
 - o Har løparar på Storfjordlangrenn og kretslag til MRSK
 - o Delteke på vårmøte i skikretsen, interessante tema var tatt opp. NSF sitt skiting 2019 lagt til Ålesund.
 - o Nominert av skikretsen til årets arrangør (NSF)
 - o Sommarskiskyttarstadion på Krikane
 - o To deltakarar på trenar 2 kurs på Sognefjellet, også deltarar på sommarskiskule
- Friidrettsgruppa
 - o Har hatt to cupar så langt, stor nedgang i deltarartal. Uvisst kvifor. Neste cup, Storfjordstemne i Eidsdal, 30.8. Skal vere i alt 5 cupar i løpet av sommaren
 - o Norddalstafett 16.9.
- Trimgruppa
 - o Sykkeltrim 1. mai med god oppslutning, 199 deltakarar
 - o Fjelltrimpostar utplassert og trimkort til sals
- DiskSPORT
 - o 5 deltakarar på Euro ProTour i Langevåg
 - o Vekas runde kvar fredag
- Styret
 - o Deltaking på aktivitetsdag for funksjonshemma 5. mai
- Spelemidler
 - o Innvilga spelemidler til omlegging av lysløype kr 100.000 og skileikanlegg kr 44.000 Utbetaling på ettersommaren. Søkt og innvilga mvakomp for anlegga med kr 67.000

- Sommararrangement
 - o Mefjellet opp og Olsok i planlegging. Ulike komitear i arbeid. Tradisjonelt opplegg.
- Idrettsrådet
 - o Årsmøte. Anders Rem vald til leiar for eit år.
 - o Fordelt kulturmidlar med kr 5.333 på alle lag som har søkt (lik på alle)
 - o Odd Lennart Vikene vart til representant frå idretten i komite for kulturbygging i nye Fjord kommune
- Idrettskretsen
 - o Bed om forslag på representantar til ungdomsutval (16-25 år)
 - o Bed om innspel til idrettspolitisk dokument som skal fastsettast på idrettstinget i 2019.

23/18 Fibertilkobling på klubbhuset

Justert tilbud frå Tafjord. Hastigheit 50 mbps, kr 990,- pr mnd eks mva, fri etablering, men 5 års binding. I fgl Tafjord Marked kan avtale seiast opp før bindingstid er ute, dersom det er særlege grunnar til dette . Det vil vere kostnader til router og installasjon/kabling inne på huset. Dette er eit betre tilbud enn det første frå Tafjord, men gjev ei svært lang bindingstid. Det er aktuelt å bruke Frode Myren Døving som teknisk hjelp for å få installert og sett opp nettet. Viktig at nettet er sikra med passord.

Vedtak:

Styret går inn for å ta mot tilbud frå Tafjord Marknad.

24/18 Renovasjon på klubbhuset/stadion

Vi må få ei avklara ordning på renovasjon på klubbhuset. No står det unødvendig mange dunkar og uklar ordning for tømning. Det har kome eit tilbud frå ÅRIM på henting/tøming som er ganske dyrt. Det føreligg også tilbud frå SGT som er betydeleg betre enn ÅRIM. Det er ei ordning med ÅRIM om tømning etter avtale. Det viser seg at vi ikkje betalar for denne og den fungerer greitt. Anders får gjort avtale om fjerning av søppeldunkar slik at det er kun ein for restavtall og ein for papp/papir

Vedtak:

Vi beheld den ordning vi har med renovasjon inntil vidare.

25/18 "Reint idrettslag"

Valldal IL bør starte arbeid med å verte godkjent som "Reint idrettslag" dvs dopingfritt. Det første som må gjerast er vedtak om at Valldal IL skal vere "Reint idrettslag". Deretter skal det vere eit informasjonsopplegg og haldningskapande aktivitet for utøvarar over 15 år. Når opplegget er gjennomført får lagt sertifikat som bevis på reint idrettslag

Vedtak:

Valldal Idrettslag vedtek å gå gjennom opplegget for "Reint idrettslag"

26/18 Tafjord Samspill

Tafjord kraft har kome med tilbod om at vi går inn på avtale om "Tafjord Samspill" . Dette betyr at straumkundar i Tafjord kan velje denne straumavtalen og også å støtte idrettslag så vil laget få 1 øre pr kWh som kunden brukar.

Vedtak:

Vi ønskjer ikkje å inngå avtale med Tafjord Kraft om Tafjord Samspill

27/18 Friidrettsbane

Drenering og ny asfalt på oversida av klubbhuset Dette er noko som må ordnast då det vert mykje overvatn ved nedbør og det vil også renne inn mot inngangsparti (feil helning på asfalt). Det er også problem om vinteren i mildver og snøtining. Anders sjekkar opp pris med maskinentreprenør for nedsetting av dreneringskummar og ev ny asfalt.

Fast dekke på friidrettsbana, er det aktuelt å tenke på dette? Grusdekket er dårleg og det er vanskeleg å halde reint for ugras/vekst. Einar tek kontakt med anleggskontakt i friidrettsforbund/-krets for informasjon og ev besøk.

Det vil vere aktuelt å gjere anten dei eine – eller andre. Vi bør difor få snarleg avklaring om kva som er aktuelt å gjere vidare.

28/18 Kriseplan

På sist møte vart det teke opp tema om kriseplan for Valldal IL. Det er lagt fram ein enkel plan om omfattar dersom ulykke rammar, og ein meir omfattande plan som tek for seg både ulykker og overgrep og uønska framferde. Det skal lagast eit utkast til plan som ein kombinasjon av desse to og som er enkel og lett forståeleg.

29/18 Møteplan haust

Møtedag torsdag – og tidspunkt kl 20.00

Datoar for møter hausten 2018:

30. august

4. oktober

8. november

6. desember

Møtet slutt kl. 22:30

Einar Hoel

-referent